

FOTOKURS

med fotograf Peder Austrud frå Mandal (www.austud.no)

LYS OG KOMPOSISJON

Hovden 26.-28.februar.

Møtast på Hovden grendehus fredag, avtaler frå dag til dag.

Kursprogram:

Fredag

Kl.19.00: Lyd og bilete.

Inspirasjonskveld med bilete på storskjerm. Nokre av desse er frå sist han hadde kurs her i pinsa 2006. Samtale om dei vidare kursdagane, spørsmål og forventningar.

Laurdag

Kl.10.00-13.00: Fotografering med demonstrasjon av lys og komposisjon.

Kl.13.00-15.00: Lunsj og pause. Kvar ordnar sjølv, men om det er ønskje om å gå samla nokon stad, kan det bestillast bord hos til dømes Tronds mat- og vinhus. Dette tar vi opp på medlemskveld 11.februar.

Kl.15.00-18.00 Fotografering fortset.

Søndag

Kl.10.00-12.00 Fotografering fortset.

Kl.12.00-13.00 Lunsj og pause.

Kl.13.00-16.00 Evaluering og jobbing med bileta i Photoshop.

Praktiske opplysningar

Kostnad: Kr.300,- for medlem og kr.500,- for ikkje-medlem.

Medlemskap i Bykle og Hovden fotogruppe: Kr.100,-.

Innmelding kan gjerast ved å betale til fotogruppa sitt kontonummer 2835.10.00521. Kursavgiften skal også inn på det kontonummeret. Merk tydeleg kven innbetalinga er frå. Eller ta med kontantar og betal på medlemskveld 11.februar.

Kven er kurset for?

Kurset er for alle som er interesserte i å ta betre bilete. Det blir hovudfokus på korleis lyset påverkar motivet, og korleis ein utnyttar og brukar lys og komponerar bileta best muleg. Fotograf Austrud har med seg eige blitzanlegg med lyskjelder, liknande det fotogruppa eig og lånar ut til medlem. På eit slikt kurs plukkar ein også uansett opp gode råd og tips.

Best personleg læring og utbytte får ein viss ein har med seg digitalt spegelreflekskamera, og har lært seg litt om grunnleggande bruk av kameraet. Ein kan også få utbytte utan dette, men ein får prøvd seg mindre på dei konkrete innstillingane. Om ein har spegelreflekskamera, men uttrykk som blendar, lukkartid og ISO høyrast ut som dyr frå Sibir, anbefalast det sterkt å kome på fotogruppa sin medlemskveld 11.februar kl.19.00 på Hovden grendehus, der desse innstillingane vil vere hovudtema.

Påmelding og tal på deltakarar:

Det er plass til 20 deltakarar på kurset.

Det ventast at dei som melder seg på deltar på heile kurset. Det er ikkje kursrabatt dersom ein berre kan delta på delar av det. Men dersom ikkje kurset er fullt, og ein er usikker på om dette er noko ein vil delta på, kan ein kome på fredagen og melde seg på kurset då, og betale. Kurset og medlemskap i fotoklubben er ope for alle interesserte, det er ikkje krav om å vere innbyggjar i kommunen.

Påmelding til Helene Horverak, e-post helene.horverak@gmail.com, mobil 90596509.

Sjølv om du betalar for kurset til fotogruppa sin konto, så send beskjed, då Helene ikkje får melding frå banken om innbetalingar.